



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 15.06.2017

Klokka 09.00 – 16.00

Stad: First Hotel Kinsarvik, Kinsarvik

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordførar Anved Johan Tveit
Granvin herad:	Ordførar Ingebjørg Winjum frå kl 09.45 til 14.30 (Sak 17/17 – 21/17)
Jondal kommune:	Ordførar Jon Larsgard – Rådsordførar
Kvam herad:	Formannskapsmedlem Herleif Tveit
Odda kommune:	Varaordførar Linda Haugland Jondahl
Ullensvang herad:	Ordførar Solfrid Borge
Ulvik herad:	Ordførar Hans Petter ThorbjørnSEN - Rådsvaraordførar
Rådmannsforum:	Rådmann Geir Underhaug frå kl 09.20
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Rådmannsforum frå kl 14.00:

Eidfjord kommune:	Rådmann Geir Underhaug
Granvin herad:	Rådmann Trude H Letnes
Jondal kommune:	Konst. Rådmann Ragnvald Joakimsen
Kvam herad:	Rådmann Arild M Steine
Ullensvang herad:	Rådmann Magnus Steigedal
Ulvik herad:	Konst. Rådmann Reidar Meel

Forfall:

Odda kommune:	Rådmann Ole Jørgen Jondahl
---------------	----------------------------

Agenda:

09.00 – 12.30	Sakshandsaming
12.30 – 13.00	Orientering: Reisemål Hardanger Fjord v/ Hans Jørgen Andersen Søknad frå Kvinnherad kommune om å teikna avtale med Reisemål Hardanger Fjord AS
13.00 – 14.00	Lunsj
14.00 – 16.00	Fellesmøte Regionrådet – Rådmannsforum
14.00 – 14.30	Orientering: Prosjekt «Nære og døgnopne digitale tenester for innbyggjarar og næringsdrivande» v/ Rådmann i Kvinnherad kommune Odd Ivar Øvregård.

Orientering:

Søknad frå Kvinnherad kommune om å teikna avtale med Reisemål Hardanger Fjord.
v/ Hans Jørgen Andersen RHF.

Kommentar frå Odd Ivar Øvregård: Bakgrunn for søknad:

- Kvinnherad kommune orienterer seg meir «i lengderetninga»
- Satsing på reiseliv
- Samarbeid med Hardangerkommunane gjennom Folgefonsenteret
- Fagleg nettverk saman med Kvinnherad.

- Nordre del av Kvinnherad (Hardangerdelen) har mykje å tilby til Hardangerregionen.

Drøfting:

Kva er rett juridisk prosess for handsaming av denne søknaden ?

Styret skal godkjenna kjøp/sal av aksjar og nye medlemsbedrifter.

Positivt med nye medlemmer, men vi må bevara merkevaren Hardanger. Vi trur det ikkje er andre kommunar som vil søkja om å teikna avtale.

Prosessens vidare:

RHF ønskjer at kommunane handsamar uttale til denne saka. HR og RHF samarbeider om saksutgreiing som vert sendt til kommunane. Denne vert sendt ut tidleg i september.

Orientering:

Prosjekt «Nære og døgnopne digitale tenester for innbyggjarar og næringsdrivande» v/ Rådmann i Kvinnherad kommune Odd Ivar Øvregård.

Prosjektet er ikkje eit prosjekt for å slå saman IKT-tenestene i kommunane.

Kan fleire kommunar kobla seg på prosjektet ?

Prosjektplan kan justerast, men kjernen i prosjektet står fast.

Kombinera overordna strategi med daglegdagse utfordringar (drift).

Drøfting:

Positivt at dette prosjektet kjem igang.

Situasjonen/utgangspunktet er mykje lik den som var ved oppstart av «Digitale Hardanger».

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordførar:

Herleif Tveit

Linda Haugland Jondahl

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak **13/17 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 20/16.**

- Rv13 Deido og Kyrkjenes – Berget
- Toalettilhøve Bu (I Hardanger generelt)
- LVK-skulen Påmelding til landsmøte i LVK

HR-sak **14/17 Meldingar**

Vedtak:

Hardangerrådet ber AK Teigland om å senda søknad om støtte for Hardangertokt.

Forøvrig vert meldingane tekne til vitande.

HR-sak **15/17 Leigeavtale for rettslokale på Lofthus**

Dagleg leiar og ordførar Solfrid Borge orienterte om bakgrunn for saka. Dei kommunane/herada som ikkje disponerer eige rettslokale lånar ut kommunestyre- heradsstyresalen til formålet.

Vedtak:

Hardangerrådet iks inngår leigeavtale for rettslokale på Lofthus i samsvar med framlagt utkast. Leigeavtalen vert inngått mellom Hardangerrådet og Holmedalsgården AS. Hardangerrådet inngår avtale med Domstoladministrasjonen om dekning av 50% av leigekostnaden for heile avtaleperioden. Vedtaket føreset godkjenning i dei berørte kommunane/herada.

HR-sak**16/17 Søknad om støtte til vitalisering av Almerkeparken i Odda.****Vedtak:**

Hardangerrådet støttar «Prosjekt vitalisering av Almerkeparken i Odda» med kr 50.000. Beløpet vert dekkja frå restmidlar Regionalt Næringsfond. Føresetnad for støtte er fast profilering av heile Hardanger på området.

HR-sak**17/17 Søknad om støtte til filminnspeling i Hardanger.**

Regionrådet ser denne støtta som del av satsing som Hardangerrådet tidlegare har vedteke.

Forslag frå Anved Johan Tveit om å auka Støtten til 150.000.

Vedtak:

Hardangerrådet støttar filmprosjektet «Torden» med kr 150.000. Beløpet vert dekkja gjennom restmidlar Regionalt næringsfond. Støtta føreset at Hardangerrådet får vederlagsfri tilgang til filmmateriale som kan nyttast til eigen promotering av regionen.

HR-sak**18/17 Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
Uttale frå Hardangerrådet.****Forslag til vedtak:**

Hardangerrådet vedtek slik uttale til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft:

Vi viser til høyringsforslag til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Planutkastet er eit godt dokument, og me finn gode analysar av sentrale problemstillingar knytt til omstilling og dimensjonering av utdanning for å dekkja eit usikkert, framtidig kompetansebehov.

Imidlertid er det den generelle uvissa rundt morgondagens behov og strukturelle utfordringar som kanskje kjem tydlegast fram i planen. Me forstår at det er vanskeleg å sei noko konkret, og at det nok er handlingsdelen som skal stå for dei fleste konkretiseringane, men det bør kanskje være mogleg å gå litt lenger inn i detaljane i sjølve planen.

Eit par døme:

- Reiseliv, turisme og landbruk er ikkje nemnt i planen. Dette er felt som er i stor vekst i vår region, og som gjev eit kompetansebehov for å kunne «veksla inn» det høge talet på besøkande i innbringande næringsverksemder. Ein plan for den type kompetanse er avgjerande for å utvikla arbeidsplassar for framtidig utvikling og vekst av arbeidsplassar innanfor dette feltet i heile fylket.

- Etablerarrettleiing er heller ikkje nemnt. Planen går kanskje i litt for stor grad ut frå at ein innbyggjar skal verta arbeidstakar i ei allereie eksisterande verksemd. Kva med dei som vil starta eiga verksemd, og skapa nye arbeidsplassar? I omstillingstider er det kjent at det er fleire som velgjer å starta for seg sjølv. Dette er også viktig arbeidskraft som treng rettleiing og kompetanse. Både stat og fylket viser til behovet for dette gjennom mange program, men det viser lite igjen i gjeldande kompetanseplanar.

Me har organisasjoner som ungt entreprenørskap i skule og pedagogisk entreprenørskap for lærarar, men lite som viser i plan for kompetanse om korleis me skal skapa flere gründerar som er viktige premissgevarar for framtidige arbeidsplassar.

Me vil også nytta høvet til å sterkt oppmoda om å styrka tilbodet ved Odda vidaregåande skule og Norheimsund vidaregåande skule. Det vil også vera viktig å styrkja lokal fagutdanning med bakgrunn i den kompetanse som i dag finst ved Hjeltnes i Ulvik. Korleis kan dei vidaregåande skulane verta meir robuste for svingningar i konjunktur og elevtall? Her er planen taus. Det er også vesentleg at ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft faktisk bidrar til å ta vare på moglegheiter ute i distrikta. Det er også viktig med tanke på involvering av næringslivet, dei involverar seg lettare i problemstillingar, praksisplassar og med generell involvering omkring kva kompetanse ein treng når skulane ligg i regionen. Rett kompetanse til rett region er svært viktig !

Eit anna viktig tema når det gjeld vidaregåande og høgare utdanning, er at elevar «vel i flokk». Korleis kan ein motivera elevar til å velja utdanning som kanskje ikkje er mest populær i dag, men som vil verta stadig viktigare i framtida? Dette er spørsmål me meiner at ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft bør bidra til å retta fokus mot.

Me ønskjer avslutningsvis å løfta fram moglegheitene for fastlandsindustrien. Ei auka bevisstgjering og tilpassa marknadsføring her vil kunna bøta noko på svingningar i etterspurnad etter m.a. TIP. For vår region er industrien viktige arbeidsplasser for å oppretthalda og utvikla komplementære arbeidsplasser, for busetnad, for kjøp og sal av tenester. Arbeidsplassar knytta til dette er avgjerdande for innpendling, for utvikling av ny kompetanse og framtidige arbeidsplassar i vår region, og dermed ein føresetnad for rekruttering.

Dagleg leiar og rådsordførar får fullmakt til å innarbeida avsnitt som omtalar landbruket i planen.

HR-sak 19/17 Endring av Hardangerrådet frå 01.01.2020
Drøfting av arbeidsplan for endringsoppgåver.

Vedtak:

Ei arbeidsgruppe beståande av Rådsordførar, Rådsvaraordførar og Dagleg leiar som startar innleiande samtalar med Voss kommune omkring mogeleg regionsamarbeid som inkluderer Voss kommune. Gruppa melder status etter første møte tilbake til regionrådet som utformar mandat for vidare arbeid for arbeidsgruppa.

HR-sak 20/17 Orienterings- og drøftingssaker
• Regional forskrift for bruk av vannscooter ?
Regionrådet drøfta mogeleg felles lokal forskrift for Hardanger.
Ei lokal forskrift vil ha verkand for all motorisert ferdsle på sjøen.
Dei kommunane/herada som har drøfta saka ser det som ein føresetnad at det evt. vert ei regional forskrift og ikkje ulikt mellom kommunane.
Regionrådet ønskjer å ta saka opp på nytt i neste møte. Det bør innhentast råd frå t.d. USS v/Lund & Co.

- Rv13 Deildo og Kyrkjenes – Berget
Opningstider er endra samanlikna med forrige sommar. Dei nye opningstidene har skapt nokre utfordringar for m.a. Tide Buss.
Kyrkjenes – Berget: Her vert det manuell dirigering i ein prøveperiode på 2 veker.
- Toalettilhøve Bu (og i Hardanger generelt)
Tekniske problem med toalettløysinga har ført til at det i dag er berre eitt toalett som er ope. Dette er Statens vegvesen sitt ansvar.
Kan ein få til ein miljøpatrulje som har tilsyn med toaletta i Hardanger ?
Permanente løysingar vil kunne vera på plass til neste sommar, men det må etablerast straksloysing for denne sommaren.
Det er ulike løysingar for kven som har ansvar for vedlikehald av toalettanlegga i regionen.
Dette er tenester for fellesskapet som nokon må ha ansvar for å finansiera og drifta. Dette ansvaret er uklart. HR sjekkar kva som er ansvarsforhold for drift og vedlikehald av turisttoaletta. Evt. nasjonale retningslinjer.
- LVK-skulen Påmelding til landsmøte i LVK
Det er fortsatt ledige plassar på LVK-skulen. Første samling er 4.-5. september.
LVK er 40 år i år. Påmeldingsfrist til landsmøte/årskonferansen er 30. juni.
- Hardanger-profilering
Administrasjonen orienterte om profilarbeidet så langt. Regionrådet ber om at arbeidet går vidare og ber om tilbakemelding i neste møte.
- Invest in Bergen
Eigarmøte 16. juni. Eidfjord og Ulvik deltar saman med rådsordførar.

HR-sak

21/17 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Ulvik:

Hjeltnes – arbeid med avklaring om vidare drift.
Sanering av villreinstamme i Nordfjella. Skrantesjuke. Det skal takast prøver (20.000) for å avklara mogeleg spreiing av sjukdomen
Sjukeheim – anbodsprosess Byggestart 2018
Seawalk – ventar på søknad.

Ny gang og sykkelveg i sentrum. Opnar i mai.

Ullensvang:

Reguleringsplansaker: Lofthus sentrum. Fylling i sjø må fullførast med tilkøyrt stein. Evt. frå Fjellhallar Boliden.

Hauso skule: ny gymsal ny tilførselsveg

Kinsarvik sentrum: Fleire parkeringsplassar på arealet ved oppstillingsplass for ferje.

Sundagsope ved Spar i Kinsarvik

Kommunereformarbeidet. Valt fellesnemnd og arbeidsutval.

Neste møte i fellesnemnda: 22. juni.

Eidfjord:

Stor sommar trafikk i sentrum.

Ferdigstilling del av turistvegprosjektet Fossli.

Toalettanlegg vert ikkje ferdig i år.

Ny sjukeheim – Riving av gamalt bygg er ferdig.

Eidfjord Resort. Ikkje godkjent plan enno.

Cruiseanløp nesten annankvar dag i sommar.

Ny båtrute til Ulvik.

Kvam:

Tokagelet – Rasutbetring Praktisk problem at det ikkje finst omkjøringsveg.

Bompengepakkar

Hardangerbadet Øystese.

Kommuneplan – Arealdelen.

Kvamskogen Rekkjefølgekrav Gang og sykkelveg.

Odda:

Turisme – Trolltunga Kor mange besøkjande i år ?

Toalett – Utfordring

Odda kommune overtar veg Tyssedal – Skjeggedal ?

Utvikling av Smelteverkstomta – Ny vegkryss inn til tomta.

Tunnel Seljestad – Liamyrane inn i første del av ny NTP.

Kommunereform – mykje ressursbruk framover.

Granvin:

Kommunereform – Felles kommuneplan saman med Voss

Lokalsamfunnsstrategi – korleis vil vi ha det etter

communesamanslåinga.

Yrkesskulebygget – ny bruk ? Ungdomsklubb

Nye omsorgsbustader i sentrum.

Jondal:

Rehabilitering av Jondal skule – Mogeleg fleirbrukskall ?

Jondal kai – Utbetring av kaifront.

Konsesjonssøknader på nett.

Ny tunnel eller ny daglinje i Mauranger ?

Private investeringsprosjekt:

ACOS: konferansesenter i Jondal

Folgefonna sommarskisenter – nytt bygg med fleire tilbod.

Kommunereform

Hardangerbadet.

Varslingssaker og skifte av rådmann.

Saker til fellesmøte Regionrådet – Rådmannsforum

HR-sak

22/17 Regionalt bompengeselskap. Nytt takst- og rabattsystem. Uttale frå Hardangerrådet.

Vedtak:

Hardangerrådet sender slik uttale i saka:

Den føreslegne omlegginga av takst- og rabattsistemet vil ramma pendlarar og annan lokaltrafikk i så stor grad at Hardangerrådet ikkje kan akseptera at det nye systemet vert innført slik det er føreslege. Hardangerrådet oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finna løysingar i takst- og rabattsistemet som på ein betre måte ivaretak hensynet til kostnadsnivå for pendlarar og annan lokaltrafikk som jamleg passerer ein eller fleire av bompengestasjonane i Hardanger.

Under føresetnad av at takst- og rabattsistemet vert tilpassa trafikkantar som beskrive over er Hardangerrådet positiv til at bompengeselskapa i vår region går inn i det regionale bompengeselskapet.

HR-sak

**23/17 Vidareføring av prosjekt
«Plansatsing 2016 – Hardangerprosjektet» ?**

Vedtak:

Prosjektet vert videreført som del av prosjekt «Nære og døgnopne digitale tenester for innbyggjarar og næringsdrivande»

HR-sak

**24/17 Omorganisering av NAV Hardanger/Voss etter Værnesmodellen ?
Drøfting**

Vedtak:

Regionrådet ber rådmannsforum kontakta NAV Hardanger/Voss for etablering av utgreiingsprosjekt for omorganisering av NAV avd. Hardanger/Voss etter «Værnesmodellen».

Møteboka godkjent 15.06.2017.

Jon Larsgard
Rådsordførar

Herleif Tveit
Rådsmedlem

Linda Haugland Jondahl
Rådsmedlem